

Til  
Kommunal- og Regionaldepartementet  
PB 8112 DEP  
0032 Oslo

04.05.2011, Oslo  
Ref: 6.4.2 TSH

## Høring - Ny forskrift om rente- og avdragsvilkår for lån i Husbanken

Unge funksjonshemmede representerer ei gruppe kor mange er avhengige av Husbanken sine utlånsordningar.

Grunnlån er ei ordning som i mange tilfelle blir brukt til å støtta oppføring av universelt utforma bustadar, noko som er ei aktuell problemstilling for mange med nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom.


Mange unge med nedsatt funksjonsevne eller kronisk sjukdom har låg inntekt, mellom anna fordi mange er uføretrygda. Startlån er ei viktig ordning for denne gruppa. For å få Startlån må ein ha over i viss minsteinntekt, den inntekta varierer mellom ulike stadar i landet. Grunnlaget for eit krav om minsteinntekt er at ein skal kunne handtera lånet med eit sannsynleg framtidig rentenivå. Forsking viser at for låg inntekt er ein viktig forklaring for at mange ikkje får innvilga Startlån.

### Nivået på renta

I lys av dette er Unge funksjonshemmede opptekne av at rentefastsettinga i Husbanken skjer på ein måte som gjer at renta ikkje blir for høg. Det vil gjera at fleire får mulegheiten til å handtera eit lån, og soleis få mulegheiten til å kjøpa eigen bustad. Sjølve føremålet med Husbanken er jo å gje alle høve til å bu godt, rentefastsettinga må spela saman med dette målet.

I høyringsbrevet gjer Kommunal- og Regionaldepartementet reie for at framlegget tek sikte på å forskriftsfesta noverande praksis innan rentefastsettinga. Utgangspunktet for fastsetting av renter på lån i Husbanken skal vera det ein trur det kostar staten å låna pengar for tilsvarande rentebindingstid, pluss ein margin på 0,5%.

Unge funksjonshemmede meiner at marginen på 0,5% bør fjernast både for fast og flytande rente, men at forskrifta elles bør vera som framlagt. Me tek utgangspunkt i at marginen er satt for å dekkja opp for eventuelle tap på lån i form av manglande eller for sein tilbakebetaling. Det vil altså sei at folk i ein sårbar økonomisk situasjon blir satt til å betala ein slags kollektiv forsikring for å dekkja inn faren som at andre i same situasjon skal mislukkast i å betala tilbake lånet. Dette er ikkje rettvist, og er med på å gjera det vanskelegare for ein del folk i ein trengt økonomisk situasjon å få lån til å kjøpa eigen bustad.



## **Stabil rente**

Mange av dei som får lån i Husbanken er i ein trong økonomisk situasjon. Då blir stabilitet i faste utgifter viktig. Unge funksjonshemmede meiner i lys av dette at justeringa av den flytande renta i Husbanken berre må skje ein gong i året, sekundært færre enn i høyringsutkastet. Dette vil gjera det lettare for låntakarar å planlegga sin økonomiske situasjon.

Helsing frå

Adrian Tollefsen, styreleiar

[adrian@ungefunksjonshemmede.no](mailto:adrian@ungefunksjonshemmede.no) / tlf 90 27 56 95.

Unge funksjonshemmede